

Kjære 14-åring og foreldre/føresette!



Konfirmasjon i Hyllestad 2022 - 23

Kyrkja i Hyllestad inviterer til konfirmasjonsførebuing til alle som er fødte i 2008 om ein er medlem av Den norske kyrkja eller ikkje.

Konfirmasjon er ei oppfølging av det som skjedde i dåpen. Dei som ikkje vart døypt som born kan melde seg på førebuinga, men må døypast før ein blir konfirmert.

Dei som høyrer til eit anna kristen kyrkjesamfunn som den katolske kyrkja eller anna kyrkjesamfunn er hjarteleg velkomne.

Konfirmasjonstida er ei tid for fellesskap, vekst og mogning. Ein kan stille spørsmål, gjere seg opp meiningar og få høyre meir om den kristne trua. Sjekk gjerne ut korleis andre har opplevd å vere konfirmant på nettsida: www.konfirmant.no

Til hausten vil det bli ny **sokneprest Runar Matsui-Li**, som vert konfirmantansvarleg. Ein vil halde fram samarbeid med Lavik og Bjordal.

Presentasjonsgudstenester er obligatorisk gudsteneste. Den vert 28.august kl:1100 i Hyllestad kyrkje
Konfirmasjons-datoar er: Hyllestad 29.april, Øn 6.mai, Bø 13.mai

Informasjonsmøte vert halde Onsdag 24.august kl. 1930 i Hyllestad kyrkje

Andre viktige datoar i haust er:

Konfirmantfestival for Sunnfjord i Gaularhallen Laurdag 29.okt

Dagsamling i september og leir på Alvera i slutten av januar.

På heimesida til kyrkja i Hyllestad, <http://hyllestad.kyrkja.no/> vil du finne konfirmantside på menyen. Der ligg m.a. dette brevet og påmeldingsskjema. Det vert ein eigenandel for konfirmantåret som vert opplyst om seinare.

Frist for påmelding er sett til **1.august 2021, men send gjerne ein sms til 48890086 om du no veit du vil bli med.**

Beste helsing

Runar Matsui-Li

-sokneprest- (frå 18.august)